

**ETNE SOGELAG**  
**Årbok 2005**

# FORORD

I denne årboka fortel Ståle Dyrvik og Oddmund L. Hoel om den politiske striden som førte fram mot unionsoppløysinga 1905. Artiklane deira er då sjølv sagt ikkje knytte til lokale tilhøve jamvel om folket i våre bygder – som elles i landet – var sterkt engasjerte i kampen for at Noreg skulle bli ein sjølvstendig nasjon. Det var ein hard politisk strid mellom Høire og Venstre i desse åra, og me har òg ein artikkel om Etne Venstreforening som vart skipa 1884. Frå same tid fortel Ingunn Frette om etnesbuen Aasmund Halvorsson Vinje, som var landbruksminister i Michelsen si regjering 1905.

I ”Barndomsminne” skriv Victor Winterthun om livet i Skånevik for 50-60 år sidan – slik gutane i sentrum opplevde det. Me får ikkje plass til heile forteljinga i denne årboka. Resten kjem til neste år.

Lars Tungesvik har ein interessant artikkel om garden Valdra, som ligg noko avsides i Skånevik. Han følgjer folket der frå generasjon til generasjon.

Etne er, som kjent, svært rikt på fornminne. I ein artikkel tek Frode Iversen for seg funn og fornminne på Stødle. Reinert Frette skriv om Flåtesmeden og Magnus Saltnes om Gudrun Børve, ein kunstnar med nål og tråd.

Randi Frette fortel om ”Brita Torkelsens Mixtur” og Solveig Sørheim har hatt eit intervju med John Matre, handelsmannen på Sørstranda.

Frå år til anna var det store religiøse vekkingar i bygdene våre. John Kringlebotten har ført dagbok, og fortel om den store vekkinga i Etne vinteren 1932 – 33, og Ingvald Åsheim fortel om ei tilsvarande vekking i Skånevik.

Me har òg funne fram eit intervju som den kjende lokalhistorikaren Kristoffer Sydnes hadde med Skul-Erik (1823 – 1920), den folkekjære omgangsskulelæraren som rodde mellom skulestovene på nordsida av Åkrafjorden.

For ein del år sidan gjekk det eit teaterstykke på Det Norske Teatret i Oslo som heitte ”Lang dags ferd mot natt”. Den overskrifta høver framifrå godt på det som Erling Vee opplevde då han var 14 år gammal. Stykket kan vera ei påminning til alle dei som har opplevd noko/vore med på noko som kan vera verdt å skriva ned, ikkje berre for etterlekta, men for alle dei som les årbökene våre. Slike forteljingar gir alltid eit bilet av tida og historia vår.

Etne, november 2005

*Redaksjonen*

# INNHOLD

Oddmund L. Hoel	Den nasjonale reisinga i Noreg fram mot 1905 .....	7
Ståle Dyrvik	Åra 1814 og 1905 i norsk historie .....	13
Ingunn Frette	Aasmund Halvorsson Vinje .....	17
Ingolv Vevatne	Etne Venstreforening 1884 .....	21
Frode Iversen	Funn og fornminne på Støle .....	25
Lars Tungesvik	Garden Valdra i Skånevik .....	31
Kristoffer Sydnes	Skul-Erik .....	37
Reinert Frette	Flåtesmeden .....	43
Borghild S. Prestegård	Frette bedehus 100 år .....	45
Mona Norheim	Kvernhuset på Håland .....	49
John Kringlebotten	Vekkinga 1932-33 .....	55
Ingvald Åsheim	Åndeleg vekking .....	57
Magnus Saltnes	Gudrun Børve, ein kunstnar med nål og tråd .....	59
Magnus Saltnes	Garden Øvstebø i Etne .....	63
Magda B. Sævareid	Mimring på trappehella .....	69
Ingvald Åsheim	Tidt eg minnest ein gamal gard .....	73
Victor Winterthun	Barndomsminne .....	75
Erling Vee	Lang dags ferd mot natt .....	83
Solveig Sørheim	Intervju med John Matre .....	85
Randi Frette	Brita Torkelsens Mixtur .....	89
Jorunn Osnes Kambo	Med naturen som lærebok .....	91
Sina Hardeland	Frå tidleg ungdom til alderdom .....	95
Kristian Engelsjerd	Barndomsminne frå Engelsgjerd .....	97

# DEN NASJONALE REISINGA I NOREG FRAM MOT 1905

Av Oddmund L. Hoel

Den svensk-norske unionen fall i 1905 på ei svært konkret politisk sak, det norske kravet om eit eige konsulatvesen. Saka var viktig nok i seg sjølv for ein stor sjøfartsnasjon med ein av landets fremste skipsreiarar, Christian Michelsen, i statsministerstolen. Teoretisk sett kunne denne saka ha funne si løysing innanfor unionsfellesskapen i mai-juni 1905. Men djupare utviklingsdrag i det norske samfunnet gjorde at unionen knapt kunne ha overlevd særleg lenge i alle høve.

To av dei viktigaste utviklingsdraga, som i Noreg var tett knytte til kvarandre, var utbygginga av folkestyret og den nasjonale reisinga. Det er det nasjonale som er emnet for denne artikkelen, og me skal ha eit sideblikk på det viktigaste innslaget i kulturnasjonalismen, arbeidet for eit norsk skriftspråk. Perspektivet vil vera det nasjonale og ikkje det særskilt lokalhistoriske.

Medan nasjonalisme lenge hadde ein dårleg klang, har omgrepet vorte rehabilitert dei siste 10-15 åra som ein nøytral fagleg term som både kan romma fridomsstrev og sjåvinisme. Ein nøyaktig definisjon av «nasjonalisme» har få, om nokon, greidd å formulera, men ein fangar kjernen om ein ser på nasjonalisme som eit strev for å få kulturelle og politiske grenser til å falla saman. Det kan både arta seg gjennom at ein multietnisk stat prøver å byggja opp éin sams nasjonal identitet for heile territoriet sitt, og gjennom at eit etnisk eller nasjonalt mindretal i ei større statsdanning strevar etter kulturell sjølvheving og politisk sjølvstyre.

I Noreg kan ein gjennom 1800-talet knapt tala om éin norsk nasjonalisme, og det kan ein kanskje heller ikkje i dag. Den unisone nasjonale einskapen sommaren 1905, romma svært ulike syn på det nasjonale. Sterkast vart det symbolisert gjennom det faktumet at Noreg hadde to skriftmål som båe gjorde krav på å bli kalla «norsk». Det skulle berre gå sju år etter 1905 før målspørsmålet utløyste ei regjeringskrise og tvinga hordalendingen Wollert Konow til å gå av som statsminister.

## Norsk nasjonalisme blir ei sak for venstre-kretene

I tiåra etter 1814 vart folkekulturen oppdaga av den nasjonalromantisk inspirerte norske eliten – folkedikting, skikkar, byggjekunst og språk. Dyrkinga av nådde eit høgdepunkt vinteren 1849 då Christiania Theater hadde «aftenunderholdning» med fiolinisten Ole Bull, tablå med «Brudefærden i Hardanger» og «Mandfald i et Bondebryllup». Bull var Noregs største internasjonale kjendis, og i januar hadde han drege meisterspelemannen Torgeir Augundson Øygarden (Myllarguten) opp på hovudstadsscenen til endelaus jubel. Bygdekultur var på moten, *ikkje* som eit alternativ til embetsmannskulturen, men som råstoff i ei varsam nasjonalisering av denne kulturen.

På same tid herja revolusjonsbølgja over Europa og sende nokre bølgjeskvalp mot Noreg. Det viste seg tydelegast med rørsla til Marcus Thrane 1849 – 51. Oppreisten sette på spissen det som alt hadde kome til

uttrykk gjennom «bondestortinga» i 1830-åra: bøndene kunne vera ei politisk og sosial utfordring for og jamvel eit trugsmål mot det rådande embetsmannsregimet.

Ei av følgjene var ein veldig folkeopplysningsoffensiv utover i 1850-åra. Eit siktemål var å integrera dei lægste klassane i den nasjonale einskapen, eit anna å stetta den aukande trongen for utdanna arbeidskraft i samfunnet i takt med moderniseringa. Eit sentrum for aktiviteten vart Selskabet til Folkeopplysningens Fremme (1851) med bladet *Folkevennen* (1852), redigert av Ole Vig. Skilsetjande vart allmugeskulelova av 1860 som med Jostein Nerbøviks ord markerte overgangen frå ein formaldannande konfesjonsskule for eit standssamfunn til ein nytteorientert og verdsleg skule for eit mobilt organisasjonssamfunn.

Folkeopplysningsoffensiven skapte eit heilt nytt rom for dei radikale nasjonaldemokratiske kretene, som frå 1850-åra vart dominerande i den kulturelle nasjonsbygginga. Den konservative eliten hadde vorte skeptiske til det nasjonale då det viste seg at om ein plasserte ein bonde på scenen, risikerte ein at han tok ordet og gjorde seg gjeldande. To som kjende vitjingstida si, var språkreformatorane Ivar Aasen og Knud Knudsen. Knudsen hadde kring 1850 lansert programmet sitt for ei varsam oppnorskning av det danske skriftmålet basert på den danna daglegtala i byane. Dette var i tråd med eit generelt program om nasjonalisering av den dansknorske embetsmannskulturen utan å ta eit markant brot med han, og Knudsen fekk aukande tilsluttnad i liberale embetsmannskrinsar gjennom 1850- og 60-åra.

Aasen hadde alt i 1836 notert seg at «Efter at vort Fædreneland atter er blevet hvad det engang var, nemlig frit og selvstændigt, maa det være os magtpaaliggende at bruge et selvstændigt og nationalt Sprog.» Den politiske frigjeringa og demokratiseringa måtte føra til språklege og kulturelle reformer

om fridomen skulle få innhald. Midlane til kartlegginga av norske dialektar hadde han fått frå Det kgl. norske Videnskabers Selskab i Trondhjem. I byrjinga hadde han full støtte frå vitskaplege miljø i Bergen og Kristiania som såg dette som ein lekk i ei nasjonalromantisk kartlegging av norsk folkekultur. Men utover i 1850-åra kom det for ein dag at han også hadde ambisjonar om at det norske skriftmålet han hadde rekonstruert, skulle vera til allmenn og ikkje einast vitskapleg bruk. Aasen publiserte nokre av dei viktigaste kulturpolitiske arbeida sine nettopp i *Folkevennen*. I 1858 gav han ut *Fridtjofs Saga* omsett til landsmål som tilleggshefte til *Folkevennen* same månaden som Aasmund O. Vinje tok til å gje ut vekebladet *Dølen* på landsmål.

Særleg med *Dølen* hadde landsmålet brote seg ut av den poetiske og folkloristiske hegningen der den konservative kultureliten hadde tilvist ein plass for målet, og resultatet vart den fyrste store striden om landsmålet. Ein måtte ikkje bli «henreven af national Fanatisme», og nasjonen «bestaar ikke af Fjelbønder alene», skreiv konservative *Christiania-Posten*. Målstriden i 1858-59 gjorde det endeleg klårt at vidtgåande språkreformer ikkje kunne rekna med støtte frå den konservative hovudstadseliten, og desse åra markerer eit vendepunkt i kulturnasjonalismen meir allment.

Eit tilsvarande vendepunkt for den politiske nasjonalismen kom ti år seinare. I 1867 kom ein norsk-svensk unionskomite med framlegg om å utvida unionsfellesskapen og slå fast den leiande stillinga for Sverige i unionen. Fram til Stortinget røysta ned framlegga i 1871 var det kraftig strid om saka. Sentrum for unionsmotstanden vart «Døleringen» der Aa. O. Vinje og Ernst Sars var sentrale, og alliansen mellom sakføraren Johan Sverdrup og leiaren for Bondeven-rørsla, Søren Jaabæk. Her låg spirene til det som skulle bli partiet Venstre. Det nye var no at nasjonalismen vart eit våpen i hendene på den politiske opposisjonen

mot embetsregimet, og frå denne tida var nasjonalismen, både den politiske og den kulturelle, i all hovudsak eit venstrefenomen. Då fleirtalet i Stortinget i 1869 vedtok at gymnaset skulle gje noko opplæring i norrønt, gjekk tre konservative statsrådar talande nok imot med den grunngjevinga at «er der nogen Side af Følelseslivet, som hos den norske Nation i Almindelighed og dens studerende Ungdom i Særdeleshed er sterkt udviklet og ingen ny Støtte tiltrænger, saa er det Kjærligheden til, Interessen for og Troen paa det Nationale.»

Framlegget om gamalnorsk i gymnaset var ein del av ein ny framstøyt frå målfolket, og i 1868 vart dei to fyrste moderne målorganisasjonane skipa – Vestmannalaget i Bergen og Det Norske Samlaget i Oslo. I desse åra vart det skapt ein tett allianse mellom målrørsla og eit venstreparti i emning. Etter sigeren for parlamentarismen, Venstre og Sverdrup-regjeringa i 1884 skulle dette gje utteljing i form av offisiell jamstelling mellom landsmål og dansknorsk (1885), og opning for Blix-salmane i kyrkja og landsmål som opplæringsmål i skulen (1892).

### Norsk nasjonalisme blir ei sak for folket

Det var i denne perioden at den nasjonale reisinga òg nådde ut på bygdene for alvor. Grundtvigianske pedagogiske og religiøse idear stod sterkt i folkeopplysningsoffensiven i 1850-åra, ikkje minst formidla av Ole Vig. Dei to fyrste grundtvigianske folkehøgskulane kom i gang på Hamar i 1864 og i Sel (seinare Gausdal) i 1867. Fram til 1875 kom det i gang kring 35 folkehøgskular, og det auka på utetter 1880-åra. Skulane vart jamt over høgborger for venstrepolitikk og norskdom, og mange vart viktige regionale sentrum for målreisinga. I Hordaland galdt det ikkje minst skulen som Johannes Helleland skipa og dreiv i Ullensvang i tretti år frå 1868. Same året kom det òg i stand ein folkehøgskule på Halsnøy i Sunnhordland, driven av Niels Juel og seinare

statsminister Wollert Konow. Skulen eksisterte i fire år og skal ha vore den fyrste i landet som dreiv landsmålsopplæring.

Vel så viktig var den kraftige utbygginga av lærarutdanninga, som opna ein ny karriereveg for gløgg bygdeungdom. Skulelova frå 1860 kravde at omgangsskulen vart avløyst av fastskule og at lærarane skulle ha godkjent lærarutdanning. Lærarskulane, eller seminara, vart svært viktige, ikkje berre for å gje lærarane ei fagutdanning, men kanskje vel så mykje for å gje dei ein politisk plattform og styrka profesjonsmedvitet deira. På mange lærarskular stod norskdomsarbeidet og ikkje minst målsaka sterkt, og fleire stader vart dei viktige sentrum for målreisinga attåt folkehøgskulane. Særleg galdt det lærarskulen på Stord, som hadde eit aktivt studentmållag alt frå 1877 (Maalvinarlaget). Mange hundre ungdomar var dei neste åra innom skulen og mållaget der.

Oppglødde drog dei unge ut til oppdraget som lærarar og bygdehovdingar. Medan 38 prosent av lærarane i 1861 hadde lærarutdanning, var talet i 1890 kome opp i 97 prosent. Frå ein sosial posisjon nedst i bygdesamfunnet klatra dei nye lærar-generasjonane sjølvskikt opp til å bli dei nye leiarane for bydesamfunnet. Læraren vart med orda til historikaren Reidun Høydal «periferiens nasjonsbyggjar». Dei vart det lokale elitesjiktet, skilt ut av bondesamfunnet sjølv og på premissane til bygdene sjølve, dei vart brubyggarar mellom lokalsamfunnet og rikspolitikken, og dei vart sterke lokale moderniseringsagentar. Den typiske læraren var venstremann, og mange stader tok han over som bygdehovding etter presten, som ofte var politisk konservativ.

Den fremste symbolet på den nye lærarstanden og seminaristen framfor alle, var Jørgen Løvland, som i år endeleg fekk sin velfortente biografi. Gardbrukarsonen gjekk den lange sosiale vegen frå lærargjerninga i Agder til å bli Christian Michelsens mest

fortruelege regjeringsmedlem i 1905 som statsminister i Stockholm og utanriksminister. Seinare vart han både statsminister og stortingspresident – og formann i Noregs Mållag 1909-12.

Ei rad granskningar har peika på rolla til læraren som lokal foreningselite. I bondevenørsla 1865-75 var lærarane truleg i fleirtal som formenn medan 90 prosent av medlemene var bønder. Venstrehistorikaren Leiv Mjeldheim har oppsummert at «seminaristane kom til å stå mannjamnt på Venstres side og fylte formannsomboda i tallause venstreforeiningar.» Det same var tilfellet i ungdomslagsrørsla og målrørsla.

### Ut or unionane!

Riksrettsstriden fram mot 1884 polariserte norsk politisk liv, uttrykt gjennom skipinga av partia Venstre og Høire. Det var likevel ikkje mange som tok ope til orde for å bli kvitt unionen. Kring 1870 stod striden om ei utviding av unionen, ikkje ei opplysing av han. Ein av dei fyrste som gjekk klårt imot unionen med Sverige var den unge målmannen og radikalaren Olaus Fjørtoft, som kring 1871 formulerte slagordet «ut or unionane» – eit dobbelt fridomskrav retta både mot den politiske unionen med Sverige og den språkleg-kulturelle med Danmark. Dette vart nokre tiår seinare slagordet til Norigs Ungdomslag (skipa 1896). Spørsmålet om å gå ut av unionen var likevel utanfor all tenkjeleg politisk horisont kring 1870.

Etter at Sverdrup-regjeringa og Venstre kom til makta, var det svenskane som sette unionsspørsmålet på saklista att. I 1885 vedtok den svenske Riksdagen ei endring som overførte avgjerande makt over utanrikspolitikken frå den felles svensk-norske kongen til den svenske utanriksministeren og regjeringa. Sverdrup-regjeringa fekk saka i fanget og godtok at utanriksministeren i det felles ministerielle statsrådet skulle vera svensk. Dette hadde vore praksisen, men var

ikkje nedfelt i noko statsrettsleg dokument.

Dette vekte sterke reaksjonar i Sverdrups eige parti, og den unionsradikale fløya i Venstre kom på offensiven. Dei sigra stort på landsmøtet i januar 1891 og programfeste kravet om eige utanriksstyre. Dette vart raskt endra, av taktiske grunnar, frå eit krav om eigen utanriksminister til krav om eige norsk konsulatvesen. Året etter reiste Stortinget dette kravet, som norske og svenske styresmakter deretter jamt låg i strid og fornhandlingar om fram til 1905. Skilsetjande vart det sviande nederlaget for dei norske unionsradikalarane den 7. juni 1895 då Stortinget vart tvinga til å gå attende på krava om eit konsulatvesen etter at Sverige truga med krig.

Medan norsk nasjonalisme no definitivt hadde vorte eit venstrefenomen, gjekk svensk nasjonalisme meir og meir i ultrakonservativ retning. «Storsvenskane» meinte no det var på tide å ”tala svenska med nordmännen”. Som ein del av unionsstriden sa Sverige òg opp Mellomrikslova i mai 1895 som mellom anna hadde sikra at Noreg-Sverige var ein sams, tollfri marknad. Dette var ei styrking av det proteksjonistiske svenske næringslivet og eit slag mot det langt meir eksportretta norske. Dermed fall det tunge økonomiske argumentet for unionen bort i Noreg.

1895 vart eit vendepunkt, og grovt sett var det lina til dei unionsradikale i Venstre tidleg i 1890-åra som dei neste åra fekk aukande oppslutnad og som alle politiske parti og heile nasjonen stod samla om sommaren 1905. Vegen dit var likevel ikkje bein. Eit hovudorgan for unionsradikalismen var landsmålsavisa *Den 17de Mai* (1894) med Rasmus Steinsvik og Arne Garborg som redaktørar. Sommaren 1895 konkluderte avis med at den norske sjølvstendepolitikken i større grad måtte byggjast opp *nadanfrå*. Bandet mellom den kulturelle og politiske nasjonalismen vart kraftig understreka av den unge studenten Halvdan Koht i ei stemmetale sommaren 1895:

Me hev nyleg tapa – og tapa stygt – i ein stor nasjonal strid, me hev fengje ein knekk i vaar ære og vaar sjølvtillit, me hev fengje merka, at me hev enno langt att til det fulle sjølvstendet ... Me lyt no taka arbeidet up meir innanfraa, auka norskdomen der han er, og skapa han der han ikkje er. I detta arbeidet tek me landsmalet til hjelp. *Maalsaka* skal vera det merkje, som me skal samla det norske folket under.

Det kom no fart i organiseringa av den frilynde ungdomslagsrørsla. Dei fyrste ungdomslaga hadde kome i gang sist i 1860-åra, nokre fleire i 1870- og 80-åra, og i 1890-åra eksploderte det. I Sunnhordland vart ungdomslaga Fitjar, Husnes, Omvikdalen, Tysnes, Hatlestrendingen, Uskedal og Valestrand skipa i tida 1888 – 1900. Ungdomslaga var i prinsippet «upolitiske», men mange stader reine tvillingar eller ungdomsorganisasjonar til Venstre-foreiningane. Ungdomslaga tok til å samlast på stemne – det fyrste var på Voss i 1892, og mot slutten av 1890-åra kunne dei samla mange tusen deltagarar. Frå 1894 gjekk ungdomslaga saman i fylkeslag, og i 1896 vart Norigs Ungdomslag skipa. I 1900 skal det ha funnест kring 800 frilynde ungdomslag, av dei 300 tilslutta Norigs Ungdomslag. Mjeldheim skriv at venstrestrategane hadde stor tru på kulturnasjonalismen som politisk kraft og på dei frilynde ungdomsmiljøa som grobotn for venstremeiningar. «Såleis kunne ungdomsrørsla og målrørsla tena Venstres sak utan å driva partipolitisk agitasjon eller engasjera seg i den dagsaktuelle politikken. Effekten av denne tenesta let seg ikkje måla.» Viktig var det òg at jenter og gutter deltok på lik line og med same rettar i ungdomslaga. Krava om røystrett for kvinner stod sterkt, ikkje minst i samband med at Venstre sikra allmenn røysterett for menn frå 1898.

Norskdomsrørsla hadde ikkje einerett på unionsradikalisme innanfor den breie Venstre-koalisjonen. To hovudpersonar på den politiske scenen, mykje profilerte gjennom 1905, var Wollert Konow (Hedm) og Johan

Castberg, den siste i spissen for den veksande arbeidardemokratiske rørsla. *Dagbladet* og framståande personar som historikaren og venstreideologen Ernst Sars, Bjørnstjerne Bjørnson og Fridtjof Nansen spela òg ei viktig unionsradikal rolle i tiåret før 1905. Det landsfemnande *organisasjonsapparatet* var det likevel norskdomsrørsla som hadde, og i stor grad var det her drivkrafta låg.

Her må eit avgjerande utviklingsdrag til nemnast. Noreg hadde i tiåra før 1905 gått gjennom ein medierevolusjon. Avisforbruket dobla seg kvart tiår mellom 1880 og 1920 og gjorde avisar til allemannseige og folkelesnad. Parallelt vart telegraf- og telefonnettet bygt ut, både i Noreg og globalt. Det hadde i 1890-åra vorte mogleg for avisene å bringa nyhende frå dei fjernaste avkrokar både i Noreg og resten av verda ut til ei nasjonal ålmente på få dagar. Kring hundreårsskiftet kan ein såleis for fyrste gong tala om ei sams notid i nasjonen der dei aller fleste innbyggjarar kunne følgja med på viktige hendingar frå dag til dag i staden for 2-3 veker på etterskot. Dette la eit heilt nytt grunnlag for folkeleg deltaking i politiske prosessar. Nerbøvik har såleis, spissformulert, kalla 1905 den fyrste mediehendinga i Noreg. Eit resultat vart at politikk i langt større grad enn tidlegare vart eit spørsmål om mobilisering av ein brei opinion.

Sjølv om emnet her er Noreg, må det understrekast at nasjonalismen var eit allment europeisk fenomen i dette tidsrommet, på godt og vondt.. Men i alle land fekk han sine særmerke. Noreg hadde si soge som den veike parten i to unionar og ein overklasse med kulturelle førebilete utanfor landegrensene (Danmark), og dermed vart nasjonalismen eit våpen i hendene på dei radikale og demokratiske kreftene. Det vil ikkje seia at soga til norsk nasjonalisme er utan skuggesider. Idear om nasjonal einskap gjekk ei tid hardt utover minoritetgrupper som samar, kværnar og romanifolket. Kring 1905 fanst det òg innslag av eit anna allmenneuropeisk fenomen,

den ultranasjonalistiske krigsromantikken, i dei unionsradikale miljøa, ikkje minst i norskdomsrørla. Kaptein Henrik Angell var vonbroten då ein ikkje fekk ein norsk-svensk krig i 1905 som kunne styrkja den norske folkesjela og nasjonens ære.

Men dette var unntak, og hovudbiletet står fast: Ulikt mange andre land har norsk nasjonalisme, både den kulturelle og den politiske, vore ei progressiv kraft tett knytt til demokratisering, sosial likskap, motstand mot sentralisering og – etter 1905 – oppbygging av velferdsstaten.

## Litteratur

Bjørhusdal, Eli. *Målkvinner før 1900*. Skrifter fra Ivar Aasen-instituttet, 12. Høgskulen i Volda. Volda 2001.

Hagemann, Gro. *Det moderne gjennombrudd 1870-1905*. Aschehougs norgeshistorie 9. Aschehoug. Oslo 1997.

Haugland, Kjell. Lærarane i brodden for norsk målreising på 1800-talet. 'Ta det romet som den akademiske stand fyrr hev havt'. *Syn og Segn*, 1977, s. 177-188.

Haugland, Kjell. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo: Samlaget. Oslo 1985.

Helleve, Lars m.fl. (red.). *Hordaland*

*ungdomslag. 1898-1948*. Voss 1948.

Hoel, Oddmund Løkensgard. *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848-1865*. KULTs skriftserie nr. 51. Oslo: Noregs forskningsråd. Oslo 1996. Høydal, Reidun. *Periferiens nasjonsbyggjarar. Vestlandslæraren og Volda lærarskule 1895-1920*. KULTs skriftserie nr. 39. Norges forskningsråd. Oslo 1995.

Klovstad, Jan (red.). *Ungdomslaget. Noregs ungdomslag 1896-1996*. Samlaget. Oslo 1995.

Mestad, Ola og Dag Michalsen (red.). *Rett, nasjon, union. Den norsk-svenske unionens rettslige historie 1814-1905*. Universitetsforlaget. Oslo 2005.

Mjeldheim, Leiv. (1984). *Folkerørla som vart parti. Venstre frå 1880 åra til 1905*. Universitetsforlaget. Oslo 1984.

Nerbøvik, Jostein. *Norsk historie 1860-1914. Eit bondesamfunn i oppbrot*. Samlaget. Oslo 1999.

Seip, Anne-Lise. *Nasjonen bygges 1830-1870*. Aschehougs norgeshistorie 8. Aschehoug. Oslo 1997.

Sørensen, Øystein (red.). *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. Ad notam Gyldendal. Oslo 1998.

Alltid himalaga Etnepølse - blodpølse - kjøttkaker og pålegg  
Nysteikte potekaker fredag og laurdag

**ETNE KJØTT**

Telefon 53 75 63 07